

Planlegg ny Kyrkjemusikkfestival.

21.03.2016



Eva i samspel med ektemannen Paweł Cabala. Kanskje dukkar han opp på festivalen?

**Kantoren vår, Eva Megyesi, er ein aktiv og positiv bidragsytar innan musikklivet i bygdene våre. I 2015 arrangerte ho Den internasjonale musikkfestivalen som gav oss musikk av internasjonale kapasitetar i kyrkjene våre; - i Uskedalen fekk vi oppleva den rumenske professoren Felician Rosca. No planlegg ho ny musikkfestival.**

Eva Megyesi fortel at ho har planar om to konserter i Uskedal kyrkje. Den første vert i slutten av august. Då vil ho sjølv stå for det musikalske. Ho kjem både til å spela og syngje, for ho er som kjent også ein svært god songar! Den andre konserten vert i siste del av september, og den vert saman med den unge trompetisten Vegard Døssland, kanskje fleire.

- Eg har spela ein del saman med Vegard som innslag på konserter, i gudstenester og i gravferder. No ønskjer eg veldig gjerne å ha ein konsert saman med han, seier den entusiastiske kantoren.

Eva legg til at ho har også planar om konserter i kyrkjene på Valen, i Rosendal og på Husnes. Vi kjem tilbake med meir stoff om festivalen når det nærmar seg.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kristian Bringedal.